



## Tilleggsopplysninger til plansak 20/171 – Meland kyrkjegard

Viser til 4 gongs handsaming av planforslaget i APM 20.1.2021 sak 010/21. Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Alternativ 1

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

### Alternativ 2

«Alver kommunestyre godtek at følgjande endringar i planforslaget kan gjerast for at motsegnet frå Vestland fylkeskommune kan trekkast; · Ny kommunal veg med begrensa bruk til Bjørnestad o\_SV3 skal opparbeidast med grasarmering. · O\_SV1 skal framleis vera primær veg utanom dei dagar det vert halde tilstellingar i kyrkja. Gangareal o\_SGG1 vert endra til arealformål for veg. · Ny tilkomst for drift via kyrkjemuren i nordvest vert teke ut av planen. Dagens tilkomst for drift, via fylkesvegen i sørvest, kan nyttast ved at ein fjerner symbol for stenging av avkøyrsløse i plankartet. Dagens tilkomst kan ikkje utvidast eller endrast. · Skilt som viser til alternativ veg o\_SV3 skal oppførast i nord og sør for o\_SV1. Skilta avdukast ved tilstellingar i kyrkja og dekkast til igjen etter endt arrangement. Revidert planforslag for Meland kyrkjegard skal fremmast til Alver kommunestyre for endeleg vedtak av godkjent plan. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11 og 12-12»

### **Utval for areal, plan og miljø 20.1.2021:**

#### **Handsaming:**

#### **Fellesframlegg v/Ingrid Fjeldsbø-H:**

Utval for areal, plan og miljø tek saka til orientering og ber administrasjonen greie ut meir i alternativ 2. knytt til konsekvenser angåande drift og økonomi, før saka kjem til kommunestyret. Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **APM- 010/21 Vedtak:**

Utval for areal, plan og miljø tek saka til orientering og ber administrasjonen greie ut meir i alternativ 2. knytt til konsekvenser angåande drift og økonomi, før saka kjem til kommunestyret.

#### **Uttale frå Alver kommune si driftsavdeling 28.1.2021:**

«Kommunen har ingen erfaring med en slik type veg, så det er vanskelig å sette en pris på dette vedlikeholdet. Har snakket med det firma som produserer dette produktet ang. vedlikehold. Vedlikeholdet er avhenge av kor stor trafikk det er på dette dekket, så lenge den ikke skal stenges med bom er eg redd for at det blir trafikk på dette strekket daglig. Det må brøytes med et lett utstyr, bak skjer eller helst snøfres. Strøing må skje med rein sand som må kostes opp igjen om våren. Det og er avgjørende hvor stri vinter vi får. Såing og vatning etter behov. Eg tenker at vi må regne med ca 50.000 kr pr år for å holde dette strekket i vedlike. Seimstrand kan levere snøfres på belter for 40 til 50.000 kr alt etter størelse. Timar er avhengig av bruksfrekvens og slitasje. Ca. 10 til 20 interne timar i året.»

## **Meland kyrkjegard: Uttale frå kyrkja om alternativ forslag til vedtak for politikarane i Alver kommune**

Alver kyrkjelege fellesråd har desse kommentarane til Alver kommune sitt alternativ 2:

Forslaget har ingen økonomiske konsekvensar for kyrkja.

### **Driftsmessige konsekvensar:**

For det daglege arbeidet i Meland kyrkje vil framlegget til grasarmert veg frå Bjørnestad nord for nedre kyrkjegard kunne fungere godt. Då har trafikken til og frå Bjørnestadgrenda ei alternativ rute og det blir mindre fare for konflikter i trafikken over kyrkjetunet.

Framlegg til skilting er godt, men for dei som skal ha ansvar for tilstellingar vil det bli unødvendig mykje arbeid å dekke til og dekke av eit skilt ved alle arrangement. Vi ønskjer heller at skiltet alltid står oppe, og at ein i tillegg set fram gatebukkar eller liknande når det er venta mykje folk til arrangement eller gravferder, der gravfølgjet må krysse kyrkjetunet.

Det ville vera ei praktisk god løysing å ha tilkomst til nedre gravplass via ny grasarmert veg. Men dersom dette skapar problem for gjennomføring av prosjektet, så er det inga økonomisk ulempe å bruka inngang frå hovedveg – slik det vert gjort i dag. Den praktiske ulempa er at trafikken vert hindra når bilar og lastebilar skal ryggja inn på gravplassen med utstyr.

Med helsing

John Fredrik Wallace  
kyrkjeverje

Anne Sofie Nergård Uthaug